

Kjære lærer!

Velkomen med i Norli Junior Lesekonkurranse for 1.–7. klasse!

Lesekonkurransen er eit verktøy for å motivere born til å lese. Etter fleire års erfaring viser det seg at konkurransen fungerer. Årleg deltar ca. **50.000** elevar fordelt på **3.000** klasser. På dei tre månadane konkurransen føregår, les borna i snitt nærmare **2.500 sider.**

Lesekonkurransen er ei klassekonkurranse, der klassene målast på **antal lesne sider per elev.** På resultatlister på norlijunior.no, kan elevane alltid følgje med på korleis dei ligg an.

Konkurransen er organisert nesten som eit dataspel, der elevane les seg frå nivå til nivå. Kvar gong de når eit nytt nivå, vil du som lærar få opp eit **digitalt diplom.** Dette håpar vi du som lærar skriv ut og heng opp i klasserommet, slik at det kan bidra til å motivere elevane ytterlegare.

Elevane skriv opp det dei les på norlijunior.no, og du som lærar har ansvaret for å kvalitetssikre og godkjenne det elevane les. Mange elevar legg ned ein iherdig innsats i lesekonkurransen. Det er derfor svært viktig at det gjerast ein grundig jobb på sjekking og godkjenning, og passar på at ingen born juksar.

Mykje praktisk informasjon finst i eige skriv til foreldre og elevar. På lærarområdet ligg òg ein video med mykje nyttig informasjon til lærarane.

Dette skrivet inneholder tilleggsinformasjon som er spesielt relevant for lærarar. Spørsmål kan sendast til norlijunior@norli.no.

Viktige datoar:

11. september – lesestart: Elevar kan registrera seg før denne datoan, men sider registrert eller lese før 11. september tel ikkje.

8. desember – siste lesedag i konkurransen: Dette betyr også siste frist for borna til å registrere sider.

18. desember: Siste frist for lærarar å godkjenne lesinga til borna
Februar 2024: Utdeling av premiar.

Innhold

Viktige datoar:	1
Premiar:	3
Krav til vinnar	3
Registrere klasser:	4
Kva kan lesast?	5
Bonus	6
Registrering av bøker:	6
Finn du ikkje boka?	7
Oppgåvane til lærar:	7
Lærarområdet	8
Lærarar kan delta saman med klassa	9
Resultattavler for elevane:	9
Korleis motivera borna til å lese? Mål, konkurranse og positiv merksemd.	9

Premiar:

Alle kan ikkje lese mest. Vi har derfor laga ei rekke med ulike «ligaer» på Norlijunior.no. Dette er for å sikre at alle kan finne minst eit område kor ein kan hevde seg, og finne glede i å konkurrere.

Diplom – alle klasser som les 200 sider per elev får diplom.

Liten klassepokal – alle klasser som les 800 sider per elev får liten klassepokal.

Pokal – fylkesvinnarane og klassetrinns vinnarane får pokal, samt får klassen som les på flest språk og klassen som les flest «bonusbøker» også pokal.

Hovudpremiane på 2.000 kroner – alle klassene som les mest på sitt klassetrinn i landet, vinnar av Språkliga og vinnar Superliga.

På lærarsida kan ein finne ei oversikt over alle klassene på skulen. Mange finn mest motivasjon i å konkurrere internt på skulen. Vi oppfordrar derfor skulane til å finne på eigne premiar og arrangere eigne **skulekonkurransar!**

Internt i klassen kan ein også sette **vekemål**, der elevane konkurrera mot seg sjølve. Opplegg for dette finnast på lærarsida.

Kommunar som ynskjer å legge opp ein eigen **kommunekonkurranse**, kan få ei eiga resultatliste. Om dette er av interesse, ta kontakt på norlijunior@norli.no.

Om du har elevar som les teksttunge bøker, kan du krysse av for at klassen også vil delta i **Superligaen**. Dette er ein liga for klasser som les relativt krevjande bøker. Her er det berre «bonusbøker» som tel med. Dvs. bøker utan illustrasjonar og som har minimum 27 linjer på kvar side – og som du som lærar derfor har premiert med bonus.

Krav til vinnar

For at ei klasse skal kunne vinne hovudpremiane stillast det krav til kva som lesast:

- **Frå 3. trinn og oppover:**

- Maks 20% høgtlesing
- Maks 20% teikneseriar

- Ikkje registrere bøker berekna på mindre born f.eks. Ludde, Peppa Gris og peikebøker.
- **4. trinn:**
 - Minimum 100 sider bonusbøker i snitt per elev.
- **5.-7. trinn:**
 - Minimum 200 sider bonusbøker i snitt per elev.
- Høgtlesing i klassa kan ikkje utgjere meir enn 20% av elevane si samlande lesing.
- Lærarar kan delta i konkurransen. Dersom læraren les så mykje at det blir avgjerande for at klassa vinn, justerast lærarens lesing ned til snittet for klassa.
- Dersom ei klasse vinn fordi dei i hovudsak har lese bøker/teikneseriar langt under sitt nivå, tek arrangøren etterhold om retten til ei skjønnsmessig kåring av vinnar.

Har klassen elevar med særskilte lesevansk, har lærar moglegheit til å melde frå, slik at dette blir tatt omsyn til.

For 1. og 2. trinn gjeld ikkje desse krava.

[Registrere klasser:](#)

Lærarar meld på si klasse på norlijunior.no.

- Når du som lærar har meldt på ei klasse, får du ei firesifra **klassekode**. Denne finst på lærarområdet, og kjem i e-post du må stadfeste. Denne koda legg elevane til på profilen sin. På denne måten vert dei automatisk kopla til klassa.
- Om du som lærar skal **meld på fleire klasser**, må du opprette ein lærarkonto for kvar klasse. Same e-post kan nyttast på fleire lærarkontoar.
- Ei klasse kan berre ha éin kontaktlærar. Om fleire lærarar har ansvar for ein og same klasse, må desse dele innlogging.
- Ved aldersblanding av to trinn, førast klassen på det lågaste trinnet. Ved aldersblanding av tre trinn, førast klassen opp som trinnet i midten.

- Elevar som bytter klasse, kan endre klassekode og «få med seg sidene sine» til den nye klassa, eller meldast ut av klassa.
- Får du ikkje e-post frå oss? Nokre skular har e-postsperre for masseutsendt e-post. I dette tilfelle kan det derfor være hensiktsmessig å endre e-postadressa på kontoen til din private e-postadresse.
- Det er fullt mogleg å melde på klasser etter at konkurransen har starta. Elevane kan ha stort utbytte av å delta – om det så berre er i éin månad.
- Elevar må oppgi e-post ved registrering. E-post brukast til «gløymt passord». Benytt e-post som er hensiktsmessig for føremålet. E-post kan være til føresette eller lærar.
- I dei fleste kommunar må føresette samtykke til at elevar kan registrerast på norlijunior.no. Det er læraren som må samle inn og passe på samtykka frå dei føresette. Skjemaet for samtykke finnast på norlijunior.no, både på framsida og lærarsida. Når alle samtykka er samla inn, huk av på lærarsida på norlijunior.no.

Kva kan lesast?

Elevar kan lese det aller meste, både teikneseriar og bøker. Høgtlesing og lydbøker tel òg – inkludert lærar sin høgtlesing for klassa.

Merk at intensjonen med konkurransen er at elevane skal lese bøker på sitt nivå (!!), og konkurrere rettferdig. Elevar på dei øvste trinna skal ikkje få godkjent Thomas & Emma eller Ludde-bøker, altså bøker for dei aller yngste lesarane, som dei les for å få mange sider raskt. Merk også at ved lesing av teikneseriar, må kvart blad eller bok registrerast. Det er ikkje anledning til å skrive «Donald-blader 1000 sider» eller «One Piece 1-10».

Teikneseriebøker skal registrerast som teikneseriar. Desse bøkene har vanlegvis lite tekst, så sidetalet vert justert ned i oppteljinga:

- Delt på 2 for 3.-4. klasse
- Delt på 3 for 5.-7. klasse

Dette kan registrerast	Dette skal IKKJE registrerast
Bøker og e-bøker på alle språk: Dette inkluderer alle sjangrar, også fakta. Lekser: Skjønnlitterære leselekser i norsk, engelsk og andre språk (eventyr, historier). Teikneseriar Aftenposten Junior Høgtlesing Lydbøker	Leselekser i faktafag: Dette inkluderer fag som; naturfag, historie, religion osb. Vekeblad. Andre aviser. Enkeltartiklar på nett.

Bonus

Bonus kjem som ein premie på vegen. Dette er for å stimulere til lesing av bøker med mykje tekst. Om elevane les bøker utan illustrasjonar, som også har minimum 27 linjer på ei vanleg side, skal dei vise boka til deg som lærar. Då kan du klikke på «bonus» ved sida av registreringa, og elevane vil med det få 20% ekstra sider for boka i klassestatistikken. I Superligaen er det berre bonusbøker som tel. MERK! Det er viktig at du som lærar ikkje gir bonus på bøker som ikkje tilfredsstiller krava.

Registrering av bøker:

Lærarar bør sikre at elevane veit korleis dei skal registrere bøker på norlijunior.no. Bøker kan registrerast både heime og på skulen, men første gong kan det være ein fordel å gjere det saman i klassa.

Elevane søker opp bøker med tittel og vel om det er ei bok, teikneserie/teikneseriebok, eller lydbok.

Mange elevar med lesevanskår føretrekker å høyre bøker som lydbok/høgtlesing først, for å kunne klare og lese boka sjølv i etterkant. For å legge til rette for dette kan bøker registrerast både ein gong som lydbok, og ein gong som bok.

Elevar som les same bok mange gongar, kan berre føre opp boka éin gong.

Elevane fyller ut kor mange sider dei har lese. Sidene kan registrerast undervegs, og oppdaterast etter kvart som dei les. For nokre bøker er sidetalet allereie ført inn. I desse tilfella kan elevane velje «leste heile boka», når boka er ferdiglest.

Når elevane er ferdige med ei bok dei vil registrere, må dei velje seg ut nokon ord som skildrar boka, samt skrive ei kort melding eller nokre kommentarar om kva dei likte med boka. Lærar har tilgang til meldinga elevane skriv på boka. MERK! Desse meldingane er synleg for alle som trykker seg inn på boka. Elevane bør av den grunn ikkje ga fullt namn som brukarnamn.

Finn du ikkje boka?

Finn du ikkje boka i søket, kan ein registrere boka sjølv. Det er viktig at det då fyllast inn riktig informasjon, då boka kan bli sletta om dette ikkje gjerast. Om ein elev les ei bok som inngår i ein serie, skal ein skrive namn på serien, evt. undertittel og nummer i serien. F.eks.

«Donald – gale oppfinnelser» | 336 sider

«One Piece, Vol. 99» | Eiichiro Oda | 200 sider

«Dragens Øye, Såret» | Cha Sandmæl | 136 sider

Om du er usikker på forfattarnamn og sidetal kan du søke på biblioteket sine nettsider eller norli.no

Oppgåvane til lærar:

Oppgåva til lærar er å kvalitetssikre og godkjenne lesinga til elevane. Vi oppfordrar alle lærarar til å understreke viktigheita av å ikkje jukse så tidleg som mogleg, helst ved starten av konkurransen.

- Lærar burde sjekke sidetalet elevane fører opp, og vidare ta ei vurdering på om dette verkar rimeleg. Har elevar ført opp bøker med over 1.000 sider, er det mogleg at det har kome eit siffer for mykje.
- Om ein elev har ført opp at dei t.d. har lese heile Bibelen, heile Ringdrotten eller «Guinness rekordbok» frå A til Å, berre på nokre få dagar – ta ein prat med eleven for å sjekke at dette er korrekt.

- Om klassa leser seg opp mot 1.000 sider i snitt per elev på ei veke, må du som lærar sjekke resultata grundig. Då kan noko være feil – eller så lesast det kanskje bøker som er i overkant enkle for nivået.
- Følg kritisk med! Det er fysisk umogleg å lese fleire tusen sider på ein dag. Ta ein test, og sjå kor mykje du kan lese på 5 minutt!

Klassestatistikken vert ikkje oppdatert før lærar har godkjent. For elevane kan klassestatistikken være ein viktig motivasjonsfaktor, og det er derfor viktig at lærar godkjenner hyppig. Dersom du som lærar er langvarig sjuk, kan det være greitt å overlate til klassekontakt eller annan lærar å godkjenne. Kontaktperson for klassa kan også endrast ved å sende ein e-post til norlijunior@norli.no.

Lærarområdet

På lærarområdet har lærarar høve til å administrere klassa:

- Godkjenne og avslå leste bøker.
- Sjekke lesinga til kvar enkelt elev.
- Endre frå bok til teikneserie eller høgtlesing dersom elevar har registrert feil.
- Sende melding til elevane dersom du finn noko feil i registreringa av bøker.
- Styre om elevane skal kunne sjå kor mykje dei andre i klassa har lese.
- Gje bonus - KUN for bøker utan teikningar, og med minst 27 linjer per side.
- Endre e-post på brukarkontoen til elevane (for å kunne løyse gløymt passord-situasjonar).
- Endre elevtal i klassa. Snittet blir rekna ut frå elevtal, så pass på at antal elevar stemmer.
- Melde ut elevar frå klassa.
- Sjå alle bokomtaler som er skrive av elevane.
- Sette og endre mål for klassa.
- Skrive ut eventuelle diplom som klassa oppnår.
- Styre om elevane skal kunne delta i Norli Junior-klubben (mogleg å få premie ved lesing av 3 bøker per månad – vert berre utlevert ved personleg oppmøte i Norli-bokhandel).

Lærarar kan delta saman med klassa.

Lærarar som ynskjer å delta saman med klassa, kan gjer det!

- Lærar registrerer bøker på eigen profil, og må sjølv godkjenne bøkene sine. Når lærar har registrert minst éi bok på profilen sin, er dei påmeldt med klassa. Elevtalet vert justert automatisk når lærar registrerer lesing av bok.
- Ein lærar som har meldt på fleire klasser, bør velja kva for ein klassa dei eventuelt skal delta saman med. Lærar får ikkje bonus.

Resultattavler for elevane:

Kvar enkelt elev har i utgangspunktet moglegheit til å sjå kor mange sider kvar enkelt elev i klassa har lese. Dersom lærar ikkje ynskjer at elevane skal ha tilgang til denne informasjonen, kan lærar velje å skru av visinga på lærarområdet. Kvar elev kan også reservere seg mot å være synleg i klassetabellen. Om ein elev manglar, skyldast det då at eleven har reservert seg. Det kan enkelt endrast igjen frå eleven sin profil.

Korleis motivera borna til å lese? Mål, konkurranse og positiv merksemrd.

Mange born vert motivert av positiv merksemrd rundt lesing og leseprestasjoner.

Elevane har sjølv tilgjengeleg resultattabellar for klassa, som gjer det lett å samanlikne seg med andre. På lærarområdet finnast det og grafikk som viser korleis klassa ligg an – då i forhold til dei eigne måla klassa har satt seg saman. Vi rår til at lærar viser resultatsida på skjerm i klasserommet ein gong i veka, slik at elevane sjølv får følgje med på utvikling og måloppnåing.

Hugs at lærarens høgtlesing i klassa kan oppførast. Lærar registrerer då mengder sider eller minutt, og mengd elevar som var til stades. Mange lærarar har god røynsle med å lesa høgt i matpausen til elevane, i byrjinga av konkurransen, slik at alle elevane får ein «kickstart» og får meir lyst til å lese vidare på eiga hand.

Slik legg konkurransen til rette for positiv merksemrd:

- I Norli Junior Lesekonkurransen les elevane det dei sjølv ynskjer.
- Elevoversyn viser kor mykje kvar enkelt har lese.

- Alle bøker har si eiga bokside, der ein kan sjå vurderingane til elevane. Gode bokmtaler kan få mange «likes».
- Diplom når klassa når ulike mål.
- Kvar veke vert det presentert ein ny «Vekas forfattar». Norli Junior samarbeider med mange norske, aktuelle barnebokforfattarar som vil blogge på nettstaden norlijunior.no. Vekas forfattar bidreg med engasjerande innhald og konkurransar.
- Det vert òg arrangert ein teiknekonkurranse relatert til bokuniverset kvar månad. Vinnaren får eit gavekort på 1.000 kroner.

Dette kan lærar gjere:

- Eigen premiering.
- Noko av det som motiverer elevane aller mest, er å samanlikne seg med andre klasser på skulen. Få med fleire!
- Involvere foreldre: Skap blest om lesing, bokklubb og lesekveldar!!
- Involver bibliotek/skulebibliotek og/eller ordførar. Bibliotekeskursjonar.
- Kontakt lokalpresse dersom klassa gjer det spesielt bra. I 2022 fekk mange av klassene som var best i fylket, oppslag i lokalpresse. Fleire fekk òg oppslag undervegs i konkurransen.
- Trykk elevane sine bokmtaler i skuleavis, eller heng dei opp i klasserommet.

Lykke til!